



Bilet-tekst: Rasteplassen i sentrum tek no form – det vantar berre bord. (Foto: Ola Matti Mathisen).

To av prosjekta som Bygdeutviklingsprosjektet under Uskedal Utvikling har arbeidd med dette året, er å få til skikkelege rasteplasser langs riksvegen og ei ryddigare og betre skilting.



Arne Johannes frå Haugland Maskin gjorde klart for å få satt opp gjerdet rundt rasteplassen.

Rasteplassar er eit sagn både i Kvinnherad og på Vestlandet i det heile. Men no er både den første rasteplassen og betre skilting på tur.

AFA har gjort og gjer ein stor jobb med laga dei forskjellige elementa til plassen.

Den kjem i forkant av informasjonstavla og blir tilpassa denne i utsjånad. Det er sett opp eit gjerde langs Sandavegen for å hindra at ungar spring ut i denne og fem benkar er også på plass. Imellom dei står urner med grønne vekster.

Fem bord som er bestilt vil vera produserte om nokre veker. Bossbeholdarar er også laga og alt vil tilpassa i ein harmonisk kombinasjon av tre og stein.

Også i dette prosjektet har fleire ytt gratis-innsats.

Til dømes har Haugland Maskin stilt opp og teke seg av skjæring og grunnarbeid for å få opp gjerdet. Eik Røyr lånte vekk gravesmaskin for å få

unna asfalten. Matrialet som vert brukt, er ei gåve frå Byggeriet

Det blir satsa på å få til ein innbydande plass som både vegfarande og uskedelingar vil nytta - når veret er lagleg. Møblane vil vera så tunge at det ikkje bles bort!

Når det gjeld skiltinga, kjem desse fire symbola opp på forvarslingsstavlene i 'begge ender' av Uskedalen:

Rasteplass, enkel servering, overnatting og informasjon.

I 'sentrumskrysset' blir det skilta til kyrkja, rasteplassen ved informasjonstavla, Rabben camping og daglegvarer. Det blir og skilting frå riksvegen til Øyro (Marina) og Dønhaug gjestegard.

- Skiltplana er no laga, men skilta vil truleg ikkje vera på plass før i januar, opplyser Bente Bjotveit i Statens vegvesen til uskedalen.no.

Vegvesenet vil ta kostnaden med innkjøp og oppsetjing av dei felles skilta, medan eigarane til dei private verksemdene må betala ein eigendel for oppsetjinga.

Av Ola Matti Mathisen

Uskedalen



1,0 km

Slik blir forvarslingsstavlene i "endene" av Uskedalen.(Foto: Ola Matti Mathisen)